
 Saksnr: 2021/176-4
 Saksbehandlar: Erlend Hofstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

Tilskot til freda kulturminne i privat eige - tildeling 2021

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 71, tilskot til freda kulturminne i privat eige, som følgjer:

Søknad nr.	Bygning/objekt	Søklar	Tildeling	Førehands-tilsegn
1	Bogatunet	Nord- og Midhordland sogelag		100 000
2	Lygra kystlyngheier	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	600 000	
3	Myrdalsleitet forsamlingshus	Stiftinga Rallarmuseet Finse	400 000	300 000
4	Sophies Minde	Anne-Margrethe Konow Lund	85 000	
5	Sundt varemagasinet	ANS Torgalmenningen 14 hjemmel	400 000	600 000
6	Christinegård	Christinegaard hovedgaard AS	300 000	
7	Kalfarli 18	Dr. Agdestein AS	330 000	
8	Reperbanen Fjøsanger	Gerdt Meyer Bruun AS	600 000	800 000
9	Enebolig Konow	Heidi Ann Jaeger	500 000	
10	Kronstad hovedgård, hovudbygning og hagehus	Krigsveteranenes minne Kronstad hovedgård	250 000	500 000
11	Store Milde hovedgård	Nord- og Midthordland høgskulelag	500 000	1 000 000
12	Garnes stasjon	Norsk jernbaneklubb, Gamle Vossebanen		80 000
13	Alvøen hovudbygning	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	250 000	250 000
14	St. Jørgens hospital, kartlegging av grunnforhold	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	150 000	
15	St. Jørgens hospital, hovudbygning	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Avslag	

16	Espeland fangeleir, Adm.brakke	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten 3	100 000	
17	Espeland fangeleir, Brakke II	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten 3	300 000	500 000
18	Espeland fangeleir, kjøkken/messebygning	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten 3	Avslag	
19	Espeland fangeleir, nødaggregatet	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset i Veiten 3	60 000	
20	Urdi	Urdi eiendom AS	Avslag	
21	Fusa gamle prestegard, hovudhus	Yngve Kartveit	250 000	
22	Gallefoss, stallbygning med uthus	Arnfinn Holmen	80 000	
23	Gallefoss, våningshus	Inger Helen Stenevik	200 000	200 000
24	Direktørbolig / ingeniørbolig	Bjørn Alexander Berstad	Avslag	
25	Strandebarm prestegard, stabbur	Frank Lunde	200 000	200 000
26	Vikøy gamle prestegard, paktarens stabbur	Siri Johanne Byrkjeland	200 000	100 000
27	Baroniet Rosendal, hageanlegget	Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkroneske stiftelse	500 000	
28	Fjelberg prestegard, stall	Stiftelsen Fjelberg prestegård	Avslag	
29	Munthehuset Ytre Kroken	Stiftelsen Munthehuset i Ytre Kroken	Avslag	
30	Ormelid, Steinstova	Stiftinga Ormelid gard	1 000 000	1 500 000
31	Ormelid, Vedahuset/Nilsasstovo	Stiftinga Ormelid gard	Avslag	
32	Ormelid, Vedahuset/Nilsasstovo	Stiftinga Ormelid gard	Avslag	
33	Ormelid, Øvstestova	Stiftinga Ormelid gard	Avslag	
34	Hansegården	Rolf Christopher Jerving	500 000	455 000
35	Havrå, gnr 68, bnr 7 og 12	Geir Sundal	110 000	
36	Havrå, Norehuset	Geir Sundal	Avslag	
37	Havrå, Olsaløa	Geir Sundal	200 000	
38	Havrå, gnr 68 bnr 3	Helene Kjærland	30 000	
39	Havrå, gnr 68 bnr 3	Helene Kjærland	Avslag	
40	Havrå, gnr 68 bnr 3	Helene Kjærland	80 000	
41	Havrå, gnr 68 bnr 8, 10 og 11	Leif Havre	171 000	
42	Havrå, gnr 68, bnr 8, 10 og 11	Leif Havre		150 000
43	Havrå, gnr 68, bnr 8, 10 og 11	Leif Havre		40 000
44	Havrå, Andershuset	Mariann Heldal	Avslag	
45	Havrå, gnr 68 bnr 1, 2 og 6 og 9 samt ei rekkje utmarksteigar	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	2 100 000	
46	Havrå, Semensutløa	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland		65 000
47	Heimdalstrand	Elisabeth Tonheim	Avslag	
48	Loftesnes sorenskrivargard	Kari-Anne K Strandman	24 000	
49	Kaupanger hovedgård	Nils Joachim Knagenhjelm		250 000
50	Tingvoll, hovudhus	Henny Staalnacke	Avslag	
51	Tingvoll, hovudhus	Henny Staalnacke	Avslag	

52	Villa på Dalheim / Singerheimen	Stiftelsen William H Singer jr's og Anna Brugh Singers minde	600 000	1 000 000
53	Gjerland, stabbur	Arne Åsmund Gjerland	50 000	350 000
54	Agatunet, stabburet til Lensmannstova	Stiftelsen Agatunet	280 000	
55	Hesthamar skrivargard	Stiftinga Hesthamar skrivargard	400 000	500 000
56	Borgstova i Kinsarvik		Avslag	
57	Ystås, løe	Aslaug Jorunn Nestås	Avslag	
58	Opheim, loft	Marta Opheim	300 000	
59	Vangsly	Ole Didrik Lærum	Avslag	
60	Ystås, bruk 3 - lemstove, årestove og løe	Torunn Ystaas	240 000	60 000
61	Fjell Festning, forvaltningsplan	Stiftinga Fjell festning	300 000	
62	Fjell Festning, tiltak mot vanngjennomtrenging	Stiftinga Fjell festning	Avslag	
63	Fjell Festning, avfuktingsanlegg	Stiftinga Fjell festning	Avslag	
64	Fjell Festning, tilstandsrapport	Stiftinga Fjell festning	110 000	

2. Kr. 956 673 vert sett av til tilskot til strakstiltak, andre uventa meirkostnader og dendrokronologiske undersøkingar. Fylkesdirektøren får fullmakt til fordeling av desse midlane. Ei orientering om korleis desse midlane har vorte fordelt, vert lagt fram for hovudutvalet innan utgangen av 2022.

3. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.

4. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadane for tildelinga, får fylkesdirektøren fullmakt til å omfordele midlane til andre tiltak på same kulturminne, eller til andre av dei tiltaka som har fått tildelt tilskot jf. pkt. 1 ovanfor.

Samandrag

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 71 - tilskot til freda kulturminne i privat eige. Kwart år kan eigarane av freda kulturminne søkje fylkeskommunen om støtte til istandsetjings- og skjøtselstiltak. Riksantikvaren har tildelt Vestland fylkeskommune 12,75 mill. kroner i tilskotsmidlar for 2021 og 9 mill. kroner i førehandstilsegn for 2022. Desse midlane skal no fordelast til ulike tiltak på freda kulturminne i privat eige. Det er i alt 64 søknader om tilskot som vert handsama i denne saka. Midlane som er til fordeling, utgjer omkring halvparten av den samla søknadssummen frå eigarane.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tildelingsbrev frå Riksantikvaren
- 2 Vedlegg til tildelingsbrev
- 3 Retningslinjer og vilkår for tilskot
- 4 Omtale av søknadene

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvart år kan eigarar og forvaltarar av freda kulturminne i privat eige søkje fylkeskommunen om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til ulike istandsetjingstiltak på sine kulturminne. Til søknadsfristen 1. november 2020 fekk Vestland fylkeskommune inn søknadar om tilskot til 64 ulike prosjekt som var tilskotsberettiga, med ein samla søknadssum på 43 028 943 kr. Fylkeskommunen fekk i tillegg inn nokre få søknadar som ikkje var tilskotsberettiga, jf. retningslinene for tilskotsordninga. Desse har fått avslag administrativt. I tillegg er delar av tiltaka i nokre av søknadane ikkje tilskotsberettiga og fylkeskommunen har trekt desse ut av søknadssummen til Riksantikvaren. På bakgrunn av søknadane frå eigarane søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om 45 664 270 kr. i tilskot for 2021. I brev av 1. februar 2021 tildelte Riksantikvaren 12,75 mill. kroner til Vestland fylkeskommune for 2021 og 9 mill. kroner i førehandstilsegn for 2022.

Føremålet med ordninga

Målet med tilskotsordninga er å støtte private eigarar i deira arbeid med å ta vare på kulturminne. Tilskot skal medverke til at freda kulturminne kan setjast i stand etter antikvariske retningslinjer og nyttast som ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling. Tilskotsordninga følgjer opp dei statlege pliktene i kulturminnelova. Det vil seie å gi heilt eller delvis vederlag til private eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar, jf. kulturminnelova.

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av freda bygningar og anlegg, eller der sak om freding er sett i gang. Dessutan kan det i særlege tilfelle gjevast tilskot til ikkje-freda kulturminne og kulturmiljø, dersom dette blir gjort med forankring i nasjonale strategiske satsingar.

Tildeling frå Riksantikvaren:	12 750 000 kr. (tilskot for 2021) 9 000 000 kr. (førehandstilsegn for 2022)
Søknadsfrist:	1.11.2020
Vedtak kriteria:	Klima- og miljødepartementet, rundskriv Tilskotsordningar for 2021 T-1/20
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på Vestland sin nettstad
Tal på søknadar:	64
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	44
Samla søknadssum:	43 028 943 kr.
Samla løyving:	21 750 000 kr.
Midlar sett av til strakstiltak mm	956 673 kr.

Fylkesdirektøren sine overordna kommentarar

Midlane som er til fordeling i år, utgjer omkring halvparten av den samla søknadssummen. Det har difor vore naudsynt å prioritera hardt i fordelinga av tilskot. Mange søknader får innvilga berre ein del av det omsøkte beløpet, og ein del tiltak som er støtteverdige, er innstilt til avslag.

Retningslinene for ordninga har nokre overordna føringar for fordelinga av tilskot: Kulturminne som inneber særleg tyngande vedlikehalds- og istandsettingsoppgåver for eigar, og bygg og anlegg der særleg store kulturminneverdiar står i fare for å gå tapt, skal prioriterast. Det same skal kulturminne som er tilgjengeleg for publikum, oppleving og formidling. Som hovudregel skal ikkje tilskotet overstige 50-70 % av totalkostnaden for eit tiltak. Unntak frå dette må vurderast i lys av kulturminnets verdi, eigars nytte av bygningen og om det føreligg urimeleg stort vedlikehaldsansvar. Utover dette har Riksantikvaren gjeve nokre føringar i tildelingsbrevet til

fylkeskommunen: Blant søkjarane skal private enkeltpersonar gjevast hovudprioritet. For søknadar frå museum, organisasjonar eller stiftingar som er i gråsona for kva som er privat og offentleg, må fylkeskommunen sjølv gjera ei skjønsmessig vurdering av kor vidt desse skal få tilskot, med grunnlag i føremålet med tilskotsordninga og tildelingskriteria.

Fylkesdirektøren har lagt desse føringane til grunn ved prioriteringa, men vil knyta nokre kommentarar til det som gjeld privat kontra offentleg eigarskap. Mange av dei freda bygningane i fylket er eigd av stiftingar, selskap eller andre organisasjonar, og ein god del av dei er del av eit museum. Ikkje minst er mange av dei anlegga som er mest krevjande å vedlikehalda og tilpassa til vår tids funksjonar og brukskrav, eigd av stiftingar. Det finst også døme der enkeltpersonar har organisert eigarskapen gjennom eit aksjeselskap. Fylkesdirektøren finn det difor både rett og tenleg å handsama alle formar for privat eigarskap (det vil seia alt som ikkje er eigd av stat, fylkeskommune eller kommune) på like fot. Elles vil fylkesdirektøren òg påpeika at signala om å prioritera kulturminne eigd av privatpersonar og kulturminne som er tilgjengeleg for publikum, trekk i kvar si retning: stort sett er det kulturminne eigd av stiftingar etc. som er tilgjengeleg for ålmenta, medan kulturminne eigd av privatpersonar som oftast er del av private bustadeigedomar og difor i langt mindre grad tilgjengelege for publikum.

Forutan dei ålmenne føringane som er nemnt ovanfor, har fylkesdirektøren særleg lagt vekt på følgjande i forslaget til fordeling:

- Tiltak på bygningar der tilstanden er dårleg, og/eller der tiltaket vil hindra ytterlegare forfall, er prioritert.
- Store, fleirårige istandsettingstiltak: Fylkesdirektøren ser det som viktig at dei får ny tildeling, slik at ein kan oppretthalda framdrifta i prosjekta.
- Mindre tiltak, der ein kan oppnå resultat som monnar på kort tid og med relativt mindre midlar, er òg viktig å støtta.
- For søkjarar som har levert fleire søknader eller der same søknaden gjeld fleire bygningar, er det gjort prioriteringar av kva for tiltak som hastar mest, og kor mange ulike tiltak det er praktisk å ha gåande samstundes.
- Skjøtsel av kulturlandskapet: Dette er eit kontinuerleg tiltak der innsatsen i tidlegare år misser mykje av verdien dersom skjøtselen ikkje vert oppretthalden. Samla sett er difor skjøtsel av kulturlandskap prioritert relativt høgt, men grunna ei mindre ramme er dei føreslegne tilskota jamt over litt mindre enn i fjor.
- Søknader som ligg i grenselandet for målgruppa, det vil seia der ei fredingssak ikkje formelt er starta opp, er ikkje prioritert.

Førehandstilsegn for 2022 utgjer ein stor del av midlane som skal fordelast. I tildelinga av førehandstilsegn er store, fleirårige prosjekt prioritert. I slike prosjekt gir førehandstilsegn meir føreseielege tilhøve, lettar ei langsiktig planlegging, og sikrar framdrift også i perioden mellom årsskiftet og ny tildeling utpå våren. Det vert også føreslått førehandstilsegn i mange tiltak som det ikkje har vore rom for å prioritera i tildelinga for 2021, og som kan tøla å venta eit år. Førehandstilsegn er dessutan brukt der det av ulike grunnar er ein fordel med meir tid til planlegging av tiltaket.

For dei einskilde søknadene er det gjort ei heilskapleg vurdering, der faktorar som skadebilete og konsekvensane av skade, kostnader, antikvarisk nivå på istandsettinga, nytteverdien for eigar, kvaliteten på søknaden og dei nærare kulturminneverdiane til kvart enkelt kulturminne, inngår i vurderinga. Nærare grunngjeving for kvar einskild søknad finst i den vedlagte oversikta over søknadane.

I løpet av året oppstår det ofte uforutsette hendingar knytt til den freda bygningsmassen som fører til behov for tilskot til strakstiltak eller uventa meirkostnader. Av førehandsløyvinga for 2021 vart 733 000 kr. ikkje fordelt ved fjorårets tildeling og står framleis unnytta. Fylkeskommunen har i 2020 hatt 223 673 kr. i renteinntekter av midlane i denne tilskotsordninga, og desse rentemidlane skal nyttast til same føremål. Fylkesdirektøren føreslår difor at desse midlane, til saman kr 956 673, vert sett av til strakstiltak og andre uventa meirkostnader. Dei same midlane vil òg dekkja utgifter til dendrokronologiske undersøkingar.

Fylkesdirektøren merkar seg at retningslinene for tilskotsordninga og føringar frå Riksantikvaren går langt i å detaljstyre fylkeskommunen sine prioriteringar, noko som kan medføre ei innsnevring av det regionalpolitiske handlingsrommet. Praksis for tilskot til musea i Hordland har fram til no vore at bygningar som er freda på staden vert dekkja gjennom Klima- og miljødepartementet sine ordningar, medan freda bygg som er flytta til eit museum i det nasjonale museumsnettverket har

vore dekket av Kulturdepartement sitt budsjett, saman med regional og lokal medfinansiering. Tilskot til kulturlandskap har i ei årrekke gått til Lyngheisenteret (Lygra) og til museet Havråtunet (Osterøy). Vår praksis på tilskot til skjøtsel har vore heilt i tråd med tidlegare praksis frå Riksantikvaren. At Riksantikvaren no forsøk å snevre inn omgrepet «private eigarar» og gjev føringar til tilskotsordninga om prioritering av private enkeltpersonar, er Fylkesdirektøren kritiske til. Vi meiner «privat eigar» er det same som ikkje-offentleg eigar. Kva organisasjonsform det freda kulturminne er knytt til er ikkje relevant for det freda bygget og anlegget, om dette er eit frivillige lag eller organisasjon, ei stifting eller eit aksjeselskap. Vi minner om tilskotsordninga óg er knytt til statlege forpliktingar og *rettar* for eigarane som ikkje er avgrensa av omsyn til organisasjonsform, gjevne i kulturminnelova § 15a, andre ledd: «Blir det satt vilkår for dispensasjonen som fordyrer arbeidet, **skal** eier eller bruker få helt eller delvis vederlag for denne utgiftsøkningen.» (vår utheving). Fylkesdirektøren vil samstundes gje ros til direktoratet si handtering av føringane for post 71-midlane, då Riksantikvaren i høve «private eigarar» opnar opp for regionalpolitisk handlingsrom, då regionalforvaltninga sjølv kan gjere den skjønsmessige vurdering i saka, så lenge formålet med posten og tildelingskriteriene ligg til grunn.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka gjeld fordeling av øymerka midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunen sin økonomi.

Klima: Istandsetjing av bygningsarven er eit godt klimatiltak. Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein kunne redusere behovet for nybygg og såleis redusere klimaavtrykket.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Den tilrådde fordelinga for tilskotsordninga har sett til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegget.